

Ho trakka han på foten – ein eksoskeletal analyse av possessivt objekt

Av Ragnhild Eik

Possessive objekt, som *han* i *ho trakka han på foten*, er spesielle av to grunnar: dei kjem ofte i tillegg til verbets konvensjonelle argumentstruktur (*trakke* er eit typisk intransitivt verb, men tar possessivt objekt), og dei blir tolka som eigar av eit anna nomen i setninga (her *foten*). I norsk er temaet behandla grundigast av Lødrup (2009 b, 2019), som analyserer possessive objekt som direkte objekt og behandlar såkalla uavhendelege kroppsdelnomen som ein nomenklasse med egne grammatiske possessivegenskar. Denne artikkelen presenterer eit alternativ til analysen av possessivt-objekt-setningar, basert på *eksoskeletal* teori og særleg Åfarli (2007). Det blir argumentert for at det possessive objektet er eit indirekte objekt, og at både verb og kroppsdelnomen er radikalt underspesifiserte for grammatisk informasjon som argumentstruktur og possessivegenskar. Artikkelen viser slik korleis ei eksoskeletal tilnærming kan gi nye perspektiv på possessive objekt og uavhendeleg eigarskap.¹

1 Innleiing

Setningstypen som er tema for denne artikkelen, er illustrert i (1).

- (1) a. Kari trakka [*Ola*] [på foten]
 b. Kari drog [*Ola*] [i håret]

* Eg vil rette ei stor takk til konsulentane og redaktørane i *Maal og Minne* for grundige tilbakemeldingar. Eg takkar også Tor A. Åfarli for mange diskusjonar og kommentarar på eit tidlegare utkast.

- c. Kari klappa [*Ola*] [på hovudet]
- d. Kari spytta [*Ola*] [i ansiktet]

I alle setningane i (1) finn vi eit objekt, *Ola*, som blir tolka som eigar av eit kroppsdelensnomen lenger ut i setninga. I tråd med terminologien i *Norsk referansegrammatikk* (Faarlund et al. 1997: 719–720) kallar eg slike objekt *possessive objekt* på grunn av eigarskapstolkinga dei får. Eit sentralt spørsmål innanfor forskinga på det som har blitt kalla kroppsdelssyntaks, er korleis slike eigarskapsrelasjonar blir uttrykte grammatisk, og korleis setningar som i (1) kan analyserast.

Den norske konstruksjonen i (1) er tidlegare analysert av Lødrup (2009 b, 2019). Lødrup (2009 b) var den første som observerte at norsk har utstrekt brukt av intransitive verb i setningar som i (1). Dette skil norsk frå til dømes engelsk, der ein vanlegvis berre brukar transitive verb i denne konstruksjonen, jf. *She hit him on the shoulder* vs. **She stepped him on the foot* (sjå t.d. Levin 1993: 71–72). I Lødrup sin analyse av norsk er possessive objekt direkte objekt. I denne artikkelen utforskar eg derimot ein analyse der possessive objekt er indirekte objekt. Analysen min bygger på Åfarli (2007) sin analyse av ein liknande setningstype, *De stakk ham en dolk i ryggen*.

Eg startar med å sette setningar med possessivt objekt inn i ein større samanheng i del 2, der eg introduserer skiljet mellom *internt* og *eksternt eigarskap*, og skiljet mellom *avhendeleg* og *uavhendeleg eigarskap*. I del 3 legg eg fram eigenskapar ved norske possessivt-objekt-setningar meir konkret, før eg presenterer Lødrup (2009 b, 2019) sin analyse av slike setningar i del 4. I del 5 introduserer eg det eksoskeletale rammeverket eg nyttar i analysen, og i del 6 legg eg fram mitt forslag til analyse. Del 7 summerer opp og rundar av.

2 Bakgrunn

2.1 *Internt* og *eksternt eigarskap*

Setningar med possessivt objekt, som i (1), blir gjerne behandla som del av det grammatiske fenomenet *eksternt eigarskap* («external possession», Vergnaud og Zubizarreta 1992). Eksternt eigarskap har vi når «eigaren» og «det eigde» er del av ulike syntaktiske konstituentar, slik *Ola* og *foten*

er i (1a). Setningane i (1) kan settast opp mot tilsvarende setningar med *internt eigarskap* («internal possession») i (2), der relasjonen mellom «eigaren» og «det eigde» blir etablert internt i same syntaktiske konstituent.² Eg brukar termane «eigar» og «eigd» her sjølv om det kan diskuteras om «eigarskap» eigentleg er beste merkelappen for relasjonen mellom ein person og kroppsdelane til denne.

- (2) a. Kari trakka på [*foten* til *Ola*]
 b. Kari drog i [*håret* *hans*]
 c. Kari klappa på [*Olas hovud*]
 d. Kari spytta i [*ansiktet* på *Ola*]

Eksternt eigarskap er eit vanleg fenomen tverrspråkleg, og det er ikkje avgrensa til setningstypen i (1). (3a) er eit eksempel frå tysk, der det direkte objektet *die Haare* 'håret' blir tolka som tilhøyrande det possessive objektet *dem Kind* 'barnet'. (3b) er eit tilsvarende eksempel frå hebraisk der *ha-svéder* 'genseren' blir tolka som tilhøyrande det possessive objektet *le-dáni* 'Dáni'. Her legg vi merke til at også nomen for klesplagg, ikkje berre kroppsdelar, kan brukast i setningar med eksternt eigarskap, noko eg kjem tilbake til i del 3.

- (3) a. die Mutter wusch [*dem Kind*] [*die Haare*]
 mora NOM vaska barnet DAT håret AKK.PL
 'Mora vaska håret til barnet'
 (Haspelmath 1999: 109)
- b. íma kiftera [*le-dáni*] [*'et ha-svéder*]
 Mamma kneppa til-Dani AKK genseren
 'Mamma kneppa genseren til Dani'
 (Berman 1981, sitert i Deal 2017: 10)

2. Ein del tidlegare analysar går ut på at typen i (1) er derivert frå (2) (såkalla «possessorløfting», f.eks. Fillmore 1968, jf. også Lødrup 2009 b, 2019), men det er ikkje ein slik analyse eg vil foreslå. I min analyse er (1) og (2) strukturelt heilt uavhengige av kvarandre, og det er ikkje nokon strukturell relasjon mellom internt og eksternt eigarskap. I staden går eg ut ifrå at eigarskapsrelasjonen i (1) er implisitt og følgjer av verdskunnskap saman med den generelle syntaksen til setninga.

Possessive objekt opptrer altså i ulike typar setningsstrukturar, som t.d. (3), men i denne artikkelen konsentrerer eg meg om strukturar av typen i (1). Eg vil omtale setningstypen i (1) som *possessivt-objekt-setningar*, forkorta til *PO-setningar*.

2.2 *Avhendeleg og uavhendeleg eigarskap*

Setningar med possessivt objekt blir også gjerne behandla i samband med omgrepsparet *avhendeleg* og *uavhendeleg eigarskap* («alienable» og «inalienable possession»).

Tolkinga av possessivkonstruksjonar er semantisk svært vid og kontekstavhengig. Til dømes kan *handa mi* i (4) få alle tolkingane i (5) og fleire til.

(4) Ola tok *handa mi*

(5) Ola tok ...

- a. *handa* som er ein del av meg
- b. *porselenshanda* som står ved vasken min
- c. *handa* eg for tida studerer som medisinstudent
- d. *handa* som tidlegare var del av meg, men som eg dessverre mista i møte med ei sag

Tolkinga i (5a) blir kalla *uavhendeleg* medan dei andre tolkingane er *avhendelege*. *Uavhendeleg eigarskap* viser til ibuande eigarskapsrelasjonar, som ikkje enkelt kan avskaffast. Typiske eksempel på *uavhendeleg eigarskap* er relasjonen mellom personar og kroppsdelane deira, slektskapsrelasjonar (som i orda *søster* og *far*), del-heile-relasjonar og spatiale relasjonar (som i orda *side* og *botn*). *Avhendeleg eigarskap* viser på si side til eigarskapsrelasjonar som ikkje er ibuande på same måte, som til dømes relasjonen mellom ein person og ein bil eller mellom ein person og ei frittstående hand.

Uavhendelege eigarskapsrelasjonar får ofte særbehandling i grammatikken til ulike språk (sjå Chappell og McGregor 1996, Deal 2017, Guéron 1985, Heine 1997, Johannessen, Julien og Lødrup 2014, Lødrup 2009 a, Payne og Barshi 1999). I den klassiske artikkelen til Lévy-Bruhl (1916)

gjengir han eit døme frå melanesisk³ der stammen *kat* ‘lever’ får ulike possessivmarkering avhengig av om relasjonen er avhendeleg eller uavhendeleg.

- | | | | | |
|-----|----|----------|-------------------------|--------------------|
| (6) | a. | a katigu | ‘levra mi’ | <i>Uavhendeleg</i> |
| | b. | agu kat | ‘levra som eg skal ete’ | <i>Avhendeleg</i> |
- (Peekel 1909, sitert i Lévy-Bruhl 1916: 99)

Skiljet mellom avhendeleg og uavhendeleg eigarskap er også relevant for setningar med possessivt objekt fordi det i slike setningar berre er mogleg å tolke relasjonen mellom det possessive objektet og kroppsdelnomenet som uavhendeleg.

- (7) Ola tok *meg* i *handa*

(7) kan berre tolkast som at *handa* heng fast i og er ein del av det possessive objektet *meg*. Setninga kan ikkje få ei tolking på linje med (5d), dvs. der *handa* ikkje lenger er ein del av *meg* (med mindre ein er ute etter ein komisk effekt).

Dei norske PO-setningane eksemplifiserer slik både eksternt eigarskap (syntaktisk fundert) og uavhendeleg eigarskap (pragmatisk og semantisk-konseptuelt fundert), der dei to fenomenane har samanheng med kvarandre utan å vere heilt overlappende. Dette utgjer det største bakteppet for setningstypen eg analyserer i denne artikkelen. I neste del presenterer eg eigenskapar ved norske PO-setningar i nærmare detalj.

3 Eigenskapar ved norske PO-setningar

Norske PO-setningar er skildra grundigast av Lødrup (2009 b), og framstillinga her baserer seg i stor grad på han. (Sjå også Eik 2014, Faarlund et al. 1997: 719–720.) Merk at fleire av eigenskapane som blir trekte fram her, går også igjen i andre setningstypar med kroppsdelnomen eller eksternt eigarskap, både i norsk og på tvers av språk (sjå spesielt Johan-

3. Lévy-Bruhl refererer berre til dette som språket i Neumecklenburg, i dag New Ireland. Ifølgje Chappell og McGregor (1996: 3) er dømet frå språket patpatar, som er eitt av fleire språk i provinsen.

nessen et al. 2014 for eit oversyn for norsk). Setningane frå (1) er repeterte i (8).

- (8) a. Kari trakka [*Ola*] [på foten]
 b. Kari drog [*Ola*] [i håret]
 c. Kari klappa [*Ola*] [på hovudet]
 d. Kari spytta [*Ola*] [i ansiktet]

Som vist i avsnitt 2 må relasjonen mellom det possessive objektet og kroppsdelnomenet tolkast som uavhendeleg. Meir konkret må det possessive objektet og utfyllinga til preposisjonen stå i ein del-heile-relasjon, der preposisjonsutfyllinga må vere delen og objektet må vere «heilet». (9a) viser at ein avhendeleg eigarskapsrelasjon som den mellom *Ola* og *sykkelen* ikkje kan ligge til grunn for slike setningar. (9b) viser vidare at relasjonen mellom objektet og preposisjonsutfyllinga må vere meir spesifikk enn berre uavhendeleg eigarskap, på den måten at ikkje alle typiske uavhendelege relasjonar, som relasjonen til slektningar, kan brukast i PO-setningar.

- (9) a. *Kari trakka *Ola* på sykkelen
 b. *Kari trakka *Ola* på broren

I døma eg har vist så langt, har preposisjonsutfyllinga vore eit kroppsdelnomen, men det er også mogleg å nytte nomen som viser til eit klesplagg eller noko anna objektet har på seg. Klesplagg er typisk avhendelege, men brukt i PO-setningar får dei uavhendeleg tolking. Vi får dermed ein utvida konseptuell del-heile-relasjon, der klesplagga så å seie blir ein del av kroppen, slik at det framleis dreier seg om noko som heng fast i objektet.

- (10) a. Kari drog *Ola* i trøya
 b. Kari trakka *Ola* på skia

I PO-setningar står kroppsdelnomenet helst i eintal sjølv om det viser til fleire eksemplar av ein kroppsdel fordelt på ulike personar, vist i (11). Vi får altså ei distributiv lesing av kroppsdelnomenet.

- (11) Ho kyssa dei på *munnen*?/*munnane*

Vidare ser vi at når preposisjonsutfyllinga blir modifisert av eit adjektiv, er det ein preferanse for å tolke adjektivet restriktivt (Lødrup 2009 a: 244, sjå også moteksempel hos han). Dette er illustrert i (12). Skilnaden er subtil, men (12a) blir nok helst tolka slik at adjektivet plukkar ut kva for ei av skuldrane Ola blir dytta i. Om ein derimot forsøker å bruke adjektivet reint skildrande, utan ein slik innsnevrande funksjon, som i (12b), blir setninga mindre akseptabel, og ein vil gjerne legge til ein intern possessivmarkør for å forbetre setninga, her *hans*.

- (12) a. Kari dytta Ola i *den vonde skuldra*.
 b. Kari kyssa Ola på *den vakre munnen (hans)*

Ein annan kjent eigenskap ved PO-setningar er at objektet må tolkast som *påverka* av verbhandlinga. Dette skil PO-setningar frå tilsvarende setningar med intern possessivmarkering, jf. (2), samt døma i (13) frå Lødrup (2019: 570).

- (13) a. Hun blåste [*ham*] [i øret]
 b. Hun blåste [i øret *hans*]

Sjølv om også denne skilnaden er subtil, inneber (13a) med possessivt objekt større grad av påverking på øyreeigaren enn (13b) med intern possessiv.⁴

At objektet helst må tolkast som *påverka*, kan også settast i samanheng med kravet om at det possessive objektet helst må kunne konseptualiserast som animat. Vurder her (14) og (15).

- (14) a. Kari sparka Ola i beinet
 b. ?Kari sparka dokka i beinet
 c. *Kari sparka stolen i beinet

4. Kravet om påverking på possessive objekt har blitt formulert på ulike måtar i litteraturen. Lødrup (2019) sluttar seg til Lee-Schoenfeld og Diewald (2014) si formulering av påverking som «taking part in the situation as an empathetic, necessarily animate co-participant’, i.e. sharing some features of a typical agent, without, however, being an agent because not having control» (Lee-Schoenfeld og Diewald 2014: 288).

- (15) a. Kari pusta Ola i øyret
 b. *Kari pusta telefonen i røyret

(14b) blir akseptabel om ein levandegjer dokka, medan (14c) berre er akseptabel under ei komisk eller eventyraktig tolking der *stolen* blir personleg påverka eller fornærma av sparkinga. Det same mønsteret er vist i (15), der telefonen må tolkast som levande for at setninga skal bli akseptabel.⁵

Det er ikkje alle typar verb som kan danne setningar med possessivt objekt. Verba som kan nyttast, er dei som formidlar punktuell kontakt. På norsk blir PO-setningar som vist danna med både typisk transitive verb som *slå*, *kysse* og *sparke*, og typisk intransitive verb, som *trakke*, *puste* og *nyse*. Her skil altså norsk seg frå engelsk, der stort sett berre transitive verb kan nyttast. Norske døme med ulike verb er gitt i (16).⁶

- (16) a. Kari trakka Ola på foten
 b. Kari slo Ola i skuldra
 c. Kari boksa Ola i magen
 d. Kari kyssa Ola på munnen
 e. Kari sparka Ola i leggen
 f. Kari dytta Ola i ryggen
 g. Kari beit Ola i fingeren
 h. Kari kitla Ola under foten
 i. Kari strauk Ola over ryggen
 j. Kari pirka Ola på skuldra
 k. Kari klødde Ola på ryggen
 l. Kari smula Ola på foten
 m. Kari skar Ola i leggen
 n. Kari saga Ola i foten
 o. Kari spytta Ola i ansiktet

5. Det finst visse unntak til kravet om at det possessive objekt er animat og påverka av verbhandlinga. Det gjeld spesielt med verb som *treffe/råke*, t.d. *kula råka skipet i baugen* (takk til ein anonym fagfelle for dette dømet) og *å treffe spikaren på hovudet*. Det gjeld også i nokre tilfelle der verbet er transitivt og preposisjonsutfyllinga er eit spatialt nomen, som i *Jeg tørket bordet på undersiden* (Johannessen et al. 2014: 84). Slike døme blir diskuterte kort i del 4.
6. Setninga i (16 l) er modellert på eit døme der nokon sa til meg «Oi, no smula eg deg på beinet!». Personen åt kake på ein slik måte at kakesmular landa på foten min.

- p. Kari naus Ola i ansiktet
- q. Kari pusta Ola i nakken
- r. Kari rapte Ola i ansiktet
- s. Kari ropte Ola i ansiktet
- t. Kari flirte Ola i ansiktet
- u. Kari såg Ola (inn) i augo
- v. Kari stira Ola på halsen

Som observert i Eik (2014), er det i alle setningane i (16) noko som implisitt kjem i kontakt med kroppsdelen til det possessive objektet. Med *bite* er det tenner, med *kitle* er det gjerne fingrar, med *sage* er det gjerne ei sag. Verb som *spytte*, *nyse*, *kviskre* og *puste* er spesielt interessante ettersom dei ikkje inneber direkte kontakt. Med desse verba er det likevel noko som blir overført til og lokalisert på kroppsdelen til det possessive objektet. Med *spytte* er det spytt, med *nyse* er det luft eller dropar, og med *kviskre* og *puste* er det også luft. At direkte eller indirekte kontakt er sentralt, ser vi av at Kari må stå veldig nært Ola for at ei setning som (16q) skal fungere (om vi ser bort frå metaforiske lesingar). Ola må kjenne pusten i nakken sin. Verba som i minst grad formidlar kontakt, er *sjå* og *stire*, og her er det kanskje blikket som blir lokalisert på objektet på ein såpass intens måte at objektet blir påverka av handlinga.

Vi kan slå fast at det er avgjerande for denne setningstypen i norsk at det finst noko i den semantisk-konseptuelle tolkinga av verbet som kan kome i kontakt med det possessive objektet. Verb som inneber overrekking av noko, men utan at det oppstår kontakt eller påverking på kroppsdelen til det possessive objektet, kan vanskelegare nyttast, som *fortelje* i (17). Med slike verb må ein jobbe hardare med å konstruere ein riktig kontekst for at setninga skal bli god.

- (17) a. ??Ho fortalde han i øyret (at...)
- b. Ho kviskra han i øyret (at...)

Basert på døme som (16) og (17) ser det ut til at det er den finmaska semantikken til verbet som avgjer om det kan nyttast i PO-setningar, og at den formelle argumentstrukturen til verbet er mindre viktig.⁷

7. Denne konklusjonen står i kontrast til Faarlund et al. (1997: 719), som skriv: «Denne uttrykksmåten er relativt avgrensa i bruk. Han kan brukast helst når verbet likevel

Lødrup viser også at setningar med typisk transitive og intransitive verb kan koordinerast, både i aktiv og passiv, jf. (18), noko som indikerer at det verkeleg er den same konstruksjonen vi har å gjere med i begge tilfella.

- (18) a. Han både kysset og tråkket henne på føttene
 b. Hun ble både kysset og tråkket på føttene

Eg kallar verba *typisk* transitive og intransitive fordi argumentstrukturen til verb ikkje er eintydig (jf. også Sveen 1993). At *trakke* vanlegvis ikkje tar eit animat direkte objekt, til skilnad frå *slå*, indikerer at *trakke* er intransitivt medan *slå* er transitivt. På den andre sida kan *trakke* likevel fint ta eit inanimat direkte objekt som *ny skiløype*, som indikerer at det også kan brukast transitivt. Nokre av bruksmåtane til *slå* og *trakke* er illustrerte under.

| | | | |
|------|---------------------------------|-------------------------|---------------------------------------|
| (19) | Possessivt objekt | Animat DO | Inanimat DO |
| | Kari <i>slo</i> Ola på foten | Kari <i>slo</i> Ola | Kari <i>slo</i> graset |
| | Kari <i>trakka</i> Ola på foten | *Kari <i>trakka</i> Ola | Kari <i>trakka</i> høy/ny skiløype |

I del 6 utforskar eg ein såkalla eksoskeletal analyse, der verb ikkje har nokon fast argumentstruktur og semantikken til verba spelar ei større rolle for kva konstruksjonar dei opptre i. Under ei slik tilnærming kan setningar med ulike verbtypar ha heilt identisk syntaks. Som vi skal sjå, skil denne tilnærminga seg frå den leksikalistiske tilnærminga til Lødrup (2009 b, 2019).

er transitivt, og possessivleddet samstundes kan oppfattast som eit vanleg objekt ... I moderne norsk er det vanlegare å bruke preposisjonsfrasen med *på* i staden for possessivt objekt» Dei følgjer dette opp med døme som *Dei lo opp i ansiktet på sjefen. Lukta stakk i nasen på oss. Dei spytta i ansiktet på han.* Døma i (16) og liknande døme frå Lødrup (2009 b) viser klart at vurderinga til Faarlund et al. ikkje stemmer. Setningstypen er gangbar både med typisk transitive og typisk intransitive verb, og varianten med possessivt objekt er vel så gangbar som varianten med på-possessiv, med dei rette verba.


4 Tidlegare analysar: Lødrup 2009 b, 2019

Possessive objekt er blant dei klassiske analysetemaa i den teoretiske litteraturen (f.eks. Fillmore 1968, Guéron 1985, Vergnaud og Zubizarreta 1992, Deal 2017). Den norske varianten er analysert av Lødrup (2009 b, 2019), og her presenterer eg hovuddraga i Lødrups LFG-analyse.

Lødrup (2009 b) var den første til å påpeike at norsk dannar PO-setningar med både transitive verb (t.d. *slå, kitle*), som er det vanlegaste tverrspråkleg, og intransitive, uergative verb (t.d. *trakke, spytte*). Basert på døme som (20), og alle eigenskapane PO-setningar med transitive og intransitive uergative verb elles har til felles, foreslår Lødrup ein felles struktur for begge variantane. Det som skil dei, er dei tematiske rollene som verba deler ut, som vi skal sjå.

Lødrup analyserer det possessive objektet som eit direkte objekt, med begge verbtypar. I tillegg inneber analysen strukturdeling, slik at objektet samtidig fungerer strukturelt som eigar for kroppsdelnomenet. Strukturdeling i LFG lar same element gjere to jobbar på ein gong, og minner slik om flytting eller koindeksering i andre teoriar.⁸ Lødrups representasjon for den engelske setninga *She kissed him on the cheek* er gitt i (20). Han foreslår at same type representasjon gjeld for dei norske PO-setningane (Lødrup 2009 b: 432).

(20)



(↑OBJ) = (↑OBL_θ OBJ POSS)

8. Her følger altså Lødrup tradisjonen i litteraturen med å etablere eigarskapsrelasjonen mellom det possessive objektet og kroppsdelnomenet grammatisk, enten ved strukturdeling, løfting (t.d. Fillmore 1968) eller binding (t.d. Guéron 1985). I min analyse er ikkje dette ein grammatisk relasjon, berre ein semantisk-konseptuell relasjon.

I denne analysen har semantiske roller, eller theta-roller, ein avgjerande funksjon. Kroppsdelsnomen, som i utgangspunktet blir antatt å vere avhendelege, kan nemleg gjennomgå ein leksikalsk regel der dei blir utstyrte med ei semantisk POSS-rolle, og slik bli uavhendelege. Slik får ein to variantar av kroppsdelsnomen: ein med uavhendeleg tolking og semantisk POSS-rolle, og ein med avhendeleg tolking som ikkje har noka slik POSS-rolle. I setningar med possessivt objekt er det altså den uavhendelege varianten som blir bruka, og kroppsdelsnomenet deler da ut POSS-rolla si til det possessive objektet. I (20) gir *cheek* ei POSS-rolle til *him*.

Også verba har semantiske roller som dei deler ut til argumenta i setninga. Her er analysane frå 2009 og 2019 litt ulike. Lødrup (2009 b) foreslo at eit transitivt verb som *slå* gav ei patiensrolle til det possessive objektet, medan eit intransitivt uergativt verb som *trakke* ikkje gav noka semantisk rolle til det possessive objektet. I setningar med *slå* blei altså det possessive objektet ståande med to roller, ei POSS-rolle og ei patiensrolle, mens det berre fekk ei POSS-rolle i setningar med *trakke*. Ei utfordring for denne analysen er at han burde innebere at det possessive objektet blei mindre påverka av handlinga med intransitive uergative verb enn med transitive verb, ettersom objektet med intransitive verb ikkje får noka patiensrolle. Eik (2014) viser med døme som i (21) at dette truleg ikkje stemmer, og at objektet må seiast å bli like påverka i begge tilfelle.

- (21) a. Eg trakka ho på foten
b. Eg kyssa ho på munnen

Basert på denne innvendinga foreslår Lødrup (2019) ein modifisert analyse der intransitive uergative verb i staden får argumentstrukturen sin utvida av ein leksikalsk regel. Denne leksikalske regelen legg til den semantiske rolla *påverka* («affected»), som blir delt ut til det possessive objektet i setninga. Lødrup tar setningar som i (22), med inanimate objekt og spatiale nomen (t.d. *oversida*, *undersida*, *toppen*), som støtte for denne analysen.

- (22) a. Jeg vasket madrassen på oversiden
b. *Jeg tråkket madrassen på oversiden

Setningar med spatiale nomen skil seg ut ved at objektet kan vere inanimat (jf. diskusjonen i del 3 og fotnote 5). Dette er mogleg så lenge verbet

er transitivt (jf. 22b). Når verbet er intransitivt, gjeld dei same krava som i ordinære PO-setningar, og objektet må vere animat. Slik eg forstår Lødrup, forklarar han mønsteret i (22) slik: (22b) er uakseptabel fordi *madrassen* ikkje kan tolkast som *påverka*, i tråd med den semantiske rolla *trække* deler ut, mens *madrassen* i (22a) kan tolkast som *patiens* i tråd med rolla *vaske* deler ut. Det viser at *trække* har ei påverkarrolle som *vaske* ikkje har, og det kan takast som støtte for analysen der uergative verb altså får ei påverkarrolle via ein leksikalsk regel.

Ankepunktene mine mot analysen i Lødrup (2009 b, 2019) er først og fremst konseptuelle og rettar seg mot det teoretiske rammeverket som blir bruka. Lødrup si tilnærming er strengt leksikalistisk, som inneber at kvart enkelt ord er utstyrt med detaljert informasjon om korleis ordet ter seg i ei setning, både syntaktisk og semantisk. Lødrups analyse inneber dermed at når t.d. *fat* kan tolkast både avhendeleg og uavhendeleg, så er det fordi ein har to ulike variantar av *fat*, ein variant med uavhendeleg tolking og POSS-rolle, og ein variant med avhendeleg tolking utan POSS-rolle. Den uavhendelege varianten kjem til via ein leksikalsk regel som kan operere på alle kroppsdelnomen og slik lage avhendelege og uavhendelege variantar av kvart nomen. Sjølv om Lødrup ikkje diskuterer dette, er ein konsekvens av denne tilnærminga at det same må gjelde for alle nomen som viser til klesplagg og alle andre nomen som kan brukast som preposisjonsutfylling i PO-setningar. Det vil seie at den leksikalske regelen også lagar to ulike versjonar av nomen som *jakke*, *sko*, *ski*, *stav*, *klokke*, *krage*, *erme* og *bukse*. Vi får altså eit nomen *bukse* som viser til ei frittstående bukse (t.d. *eg syr ei bukse*), og ein annan variant av *bukse* som viser til ei bukse nokon har på seg (t.d. *eg drog han i buksa*), der dei to variantane er grammatisk ulike (med og utan POSS-rolle). Denne tilnærminga til fleirtydigheit verkar redundant og lite forklarande. I del 5 og 6 argumenterer eg i staden for ei tilnærming der slike ord er underspesifiserte, og der det er den språklege konteksten saman med verdskunnskapen vi har, som avgjer om orda blir tolka uavhendeleg eller avhendeleg i kvart tilfelle. Dette framstår som ei langt enklare løysing.

Når det gjeld Lødrups diskusjon av *påverka*-rolla og døme som (22), er det verdt å poengtere at slike setningar skil seg ut blant PO-setningar på fleire vis, noko eg meiner svekker argumentasjonskrafta frå slike døme. For det første gjeld ikkje mønsteret i (22) for del-heile-relasjonar generelt, berre for spatiale nomen (t.d. *toppen*, *undersida*, *oversida*), jf. (22a) med (23a). For det andre gjeld det heller ikkje for alle tilfelle med tran-

sitive verb og spatiale nomen, jf. (23b).⁹ Lødrups analyse predikerer at ei slik setning burde vere fullt akseptabel.

- (23) a. *Eg vaska huset på døra
b. ??Eg sparka madrassen i oversida

Vidare kan vi legge merke til at setningar med spatiale nomen også skil seg ut ved at dei i nokon grad kan ta såkalla *change of state*-verb, som *knuse* og *knække*, sjå (24a). Slike verb kan ikkje nyttast i ordinære PO-setningar med kroppsdelnomen, sjå (24c). Med kroppsdelnomenet brukar ein heller ein *på*-possessiv med slike verb som i (24d).

- (24) a. Kari knuste vasen *på undersida*
b. Kari knuste *undersida på vasen*
c. *Kari knuste Ola *på/i trynet*
d. Kari knuste *trynet på Ola*

Samla ser det ut til at setningane med spatiale nomen har ganske andre eigenskapar enn ordinære PO-setningar og høyrer til eit relatert, men separat fenomen.¹⁰ Eg vil derfor ikkje ha meir å seie om denne typen her.

Ein annan skilnad mellom Lødrups analyse og analysen eg presenterer i del 6, er at Lødrup analyserer det possessive objektet som eit direkte objekt, medan eg utforskar ein analyse der dette er eit indirekte objekt. Dei ulike argumenta for dette diskuterer eg nærmare i del 6.2.

5 Eksoskeletal syntaks

Analysen eg vil utforske som alternativ til tidlegare analysar, er utforma innanfor eit eksoskeletalte eller ikkje-leksikalistisk rammeverk (Borer

9. Lundquist og Ramchand (2012) undersøker verb som *slå* og *sparke* med inanimate objekt og viser mellom anna at ein preposisjon er obligatorisk i visse kontekstar i svensk (og norsk), men valfri i engelsk, jf. *Jag sparkade *(på) bordet (flera gånger)* vs. *I kicked (on/against) the table many times*.
10. Ein mogleg analyse her er at setningane med spatiale nomen er ordinære transitive strukturar med adjungert predikatsadverbial. Dei har i så fall ein ganske annan struktur enn possessivt objekt-setningar som *Ho trakka han på foten*. Dei to strukturane blir diskuterte i del 6.2.1.

2005 a, b, 2013, Áfarli 2007, Lohndal 2014). I det følgjande gir eg ein kort introduksjon til dette rammeverket og forklarar kvifor det er spesielt godt eigna til å handtere den typen data som PO-setningar byr på.¹¹

Hovudtesen i eksoskeletale tilnærmingar til grammatikk er at leksikalske element er utan grammatisk informasjon. Eit leksikalsk element, eller ord, kan settast inn i ulike morfosyntaktiske miljø, og konteksten formar korleis det blir tolka. Dette er ein kjent tanke. Dei fleste, uavhengig av rammeverk, vil til dømes vere samde i at grunnen til at *katten* blir tolka forskjellig i dei to setningane i (25), er at *katten* har ulike syntaktiske funksjonar, som direkte objekt i (25a) og subjekt i (25b). Det same leksikalske elementet står i ulike syntaktiske posisjonar eller konfigurasjonar, og syntaksen formar slik sett tolkinga.

- (25) a. Jenta vil klappe katten
 b. Katten vil klappe jenta

I tillegg til å bli tolka som subjekt i (25b) blir *katten* tolka som ein levande skapning som kan ha vilje til å klappe, grunna semantikken til dei andre orda i setninga.

Den eksoskeletale tilnærminga tar denne tankegangen lenger. Eit illustrerande døme er skiljet mellom teljelege og ikkje-teljelege substantiv. *Vatn* kan tolkast som teljeleg eller ikkje-teljeleg, jf. *eit vatn* vs. *masse vatn*. Ifølgje den eksoskeletale tilnærminga er det ein og same *vatn*-stamme som blir nytta i begge tilfella. Vi har ikkje ein teljeleg og ein ikkje-teljeleg versjon av *vatn*, men distinksjonen mellom teljeleg og ikkje-teljeleg ligg i staden i funksjonsorda *eit* og *masse*. Telbarheit er altså ein eigenskap som grammatikken kan påføre underspesifiserte substantivstammar (sjå Borer 2005 a: 96–97 for ein slik analyse for engelsk og kinesisk). Leksikalske element er underspesifiserte for grammatisk informasjon, men blir gitt slike eigenskapar av funksjonsorda og den strukturelle konteksten dei blir sette inn i. Den grammatiske strukturen fungerer slik som eit slags skjelett som formar dei leksikalske elementa. På den måten kan strukturen, eller konstruksjonen, seiast å vere meiningsberande og mein-

11. Alexiadou (2003) argumenterer også for ein ikkje-leksikalistisk analyse av uavhengig eigarskap i gresk.

ingsformande. Dette er kjernen i ei eksoskeletal, ikkje-leksikalistisk tilnærming til grammatikk.¹²

På same måte som med *vatn* kan vi resonnerer med skiljet mellom avhendelege og uavhendelege tolkingar av kroppsdelsnomen. Kroppsdelsnomen er underspesifiserte for (u)avhendelegheit, og konteksten avgjer tolkinga i kvart tilfelle. I (26a) kan *fingeren* berre tolkast uavhendeleg, medan både avhendelege og uavhendelege tolkingar er tilgjengelege for (26b).

- (26) a. Kari trakka meg på (*den avkappa) *fingeren*
Uavhendeleg tolking
- b. Medisinstudenten studerte (den avkappa) *fingeren*
(U)Avhendeleg tolking

Den enklaste analysen av dette er at det er det same leksikalske elementet *finger* som er bruka i begge tilfelle, og at det er setningsstrukturen saman med den pragmatiske konteksten som avgjer om *finger* blir tolka avhendeleg eller uavhendeleg. Denne tankegangen er eksoskeletal av natur og skil seg frå den leksikalistiske tilnærminga vi såg hos Lødrup (2009 b), der det er formelle eigenskapar ved orda i seg sjølve (dvs. nærvær/fråvær av ei POSS-rolle) som avgjer om dei er avhendelege eller uavhendelege.¹³

Det finst fleire tilhøve som indikerer at den eksoskeletale, ikkje-leksikalistiske tilnærminga er riktig veg å gå for analysen av kroppsdelsnomen. I (6) viste eg til døme frå språk som markerer avhendeleg og uavhendeleg eigarskap morfosyntaktisk. (6) er repetert som (27).

12. Termen *eksoskeletal* (Borer 2003, Áfarli 2005) kjem av at den syntaktiske strukturen, som vi kan tenke på som skjelettet til setninga, ligg utanpå orda, analogt med korleis skjelettet til t.d. maur er eksoskeletalt. Tradisjonelle leksikalistiske teoriar blir kalla *endoskeletale* ettersom desse antar at syntaktisk struktur har opphav i formelle spesifikasjonar inni orda. Endoskeletale dyr, som mennesket, har skjelettet på innsida.
13. Kontrasten mellom den leksikalistiske og den ikkje-leksikalistiske tilnærminga er i utgangspunktet skarp; den eine legg forklaringsbyrda hos orda, medan den andre legg ho i den grammatiske strukturen. Likevel kan vi på meir forsonande vis seie at modelleringa i desse teoriene startar «i ulik ende».

- (27) a. a katigu 'levra mi' Uavhendeleg
 b. agu kat 'levra som eg skal ete' Avhendeleg
 (Peekel 1909, sitert i Lévy-Bruhl 1916: 99)

Lévy-Bruhl peikar på at det er vanleg at eit nomen ikkje høyrer heilt klart til ein klasse, men at possessivmarkeringa kan endre seg når relasjonen ordet står i, endrar seg. Ei naturleg tolking her er at stammen *kat* 'lever' i seg sjølv verken er avhendeleg eller uavhendeleg, men at grammatikken kan markere relasjonen til *kat* som avhendeleg eller uavhendeleg. I staden for avhendelege og uavhendelege *nomen*, slik leksikalistiske tilnærmingar legg opp til, har vi da avhendelege og uavhendelege *relasjonar*, som kan markerast på ulikt vis i grammatikken.

At det er relasjonen orda står i, som er avgjerande, og ikkje formelle eigenskapar ved orda i seg sjølve, er også implisitt i observasjonen til Johannessen et al. (2014: 80) om «at ethvert substantiv som får kroppsdelreferanse, også får kroppsdelssyntaks». Forfattarane diskuterer døme med *på*-possessiv. I (28) har eg konstruert tilsvarende døme som dei dei diskuterer, med possessivt objekt.¹⁴

- (28) a. Ballen råka *Kain i nepa*
 b. Han sparka *Tottenhams midtbanemann i familiejuvelane*

PO-konstruksjonen kan vanlegvis berre brukast med uavhendelege eigedommar. Likevel viser døma i (28) at typiske avhendelege nomen også kan nyttast i denne konstruksjonen om dei er brukte metaforisk for å vise til ein kroppsdel. Den mest nærliggande tolkinga av dette er at den uavhendelege semantikken ikkje har å gjere med grammatiske eigenska-

14. Johannessen et al. (2014:81) diskuterer følgjande døme, som mine setningar i (28) er baserte på:

- i. Banker ballen rett i *nepa på Kain* fra kloss hold
- ii. Han fikk drømmetreff. Ikke på ballen, men i *familiejuvelene på Tottenhams midtbanemann* (...)

Lødrup (2009 a) har tidlegare vist at denne *på*-possessiven ikkje er ein ordinær partitiv (t.d. *handtaket på døra*), men ein eigen possessiv for kroppsdelnomen. Johannessen et al. (2014) tar utgangspunkt i dette, men viser vidare med døma i (i-ii) at *på*-possessiven også kan brukast med typisk avhendelege nomen som *nepe* og *familiejuvelar* så lenge dei refererer til kroppsdelar.

par ved orda i seg sjølve, men heller med *referansen* til orda og relasjonen dei står i. Dette er heilt i tråd med den eksoskeletale tilnærminga. Orda er underspesifiserte for (u)avhendelegheit, men blir forma av den syntaktiske og pragmatiske konteksten dei blir sette inn i.

Den eksoskeletale, ikkje-leksikalistiske tilnærminga strekker seg også til argumentstrukturen til verb. På same måte som med døma vi har sett over, kan eit verb settast inn i ulike strukturar og få medfølgjande argumentstruktur og tolking frå konteksten. Dette er illustrert under, der verbet *hoste* opptrer i ulike syntaktiske strukturar. (Sjå spesielt Åfarli 2007 og ms., der dette argumentet er utbrodert.)

- (29)
- a. Julia *hostar*
 - b. Julia *hostar* blod
 - c. Julia *hostar* ut aerosolar og stygge gloser
 - d. Julia *hostar* oss ut av rommet
 - e. Julia *hostar* seg hås
 - f. Julia *hostar* meg i nakken
 - g. Julia *hostar* meg forsiktig i øyret at ho må halde seg heime

Her opptrer det same verbet *hoste* i ulike konstruksjonar eller argumentstruktur-konfigurasjonar, som i sin tur formar den nøyaktige tolkinga av verbet i kvart tilfelle.

Ifølgje det vi kan kalle standardsynet på argumentstruktur, den leksikalistiske tilnærminga, er det spesifisert for kvart verb kor mange argument det tar i ei setning. Innanfor ei leksikalistisk tilnærming til argumentstruktur må ein seie at (29) inneheld fleire ulike verb, *hoste*, med ulike argumentstrukturspesifikasjonar. Tilnærminga i Lødrup (2009 b, 2019) er leksikalistisk, og vi såg derfor at eit intransitivt verb som *trakke* måtte gjennomgå ein argumentstrukturendrande operasjon for å kunne danne setningar med possessivt objekt. Utfordringa for leksikalistiske tilnærmingar til argumentstruktur er at argumentstrukturen til verb viser seg å vere svært fleksibel, som i (29), og at dette er regelen heller enn unntaket.

Innanfor den eksoskeletale tilnærminga er det derimot eitt og same leksikalske element, *hoste*, som er bruka i alle dei ulike syntaktiske kontekstane over. Det vil seie at *hoste* formelt sett er underspesifisert for kor mange argument det kan ta. *Hoste* er typisk bruka som eit intransitivt verb, men det kan også brukast på andre måtar, og ifølgje ei eksoskeletal

tilnærming er dette forventa fordi verb ikkje har argumentstruktur, i streng forstand, men får det, frå den grammatiske konteksten. Det er venta at eit verb skal ha ein viss fleksibilitet. Når somme verb helst blir bruka transitivt og andre verb helst blir bruka intransitivt, handlar det om konvensjon og om semantikken til verbet.¹⁵

Oppsummert antar den eksoskeletale tilnærminga at det finst eitt *hoste*, éin *finger*, og eitt *vatn* i døma eg har vist her. Desse og andre leksikalske element er grammatisk underspesifiserte og framviser stor fleksibilitet i måten dei kan brukast på. Leksikalske element *projiserer* ikkje syntaktisk struktur. Struktura blir i staden danna uavhengig av dei leksikalske elementa. Han formar dei leksikalske elementa som blir sette inn i han, og bringar slik fram ulike tolkingar.

Konsekvensen for analysen eg presenterer i del 6, er at korkje verb eller kroppsdelnomen har argumentstruktur eller theta-roller. Semantikk, konvensjon og verdskunnskap er avgjerande for korleis orda blir brukte, og fleksibilitet er forventa.

Den eksoskeletale tilnærminga skissert her har ein del til felles med konstruksjonsgrammatikk slik det er utvikla hos Adele Goldberg. Også innanfor konstruksjonsgrammatikk blir det vektlagt at verb kan brukast på mange ulike og kreative måtar, og at dette ikkje kan følgje av spesifikasjonar ved verbet i seg sjølv. I staden finst det konstruksjonar som eksisterer uavhengig av verba. Ulike verb kan settast inn i konstruksjonen, og konstruksjonen formar tolkinga. Goldberg (2003: 220) illustrerer denne fleksibiliteten med følgjande eksempel.

- (30) a. He *sneezed* his tooth right across town. (Robert Munsch, *Andrew's Loose Tooth*)
 b. We *laughed* our conversation to an end. (J. Hart. *Sin Ivy Books*, New York)
 c. They could easily *co-pay* a family to death. (New York Times, 1/14/02)

Gjennom å vektlegge fleksibiliteten til verb og andre leksikalske element, og ved å vektlegge strukturar som meningsberande og meningsfor-

15. Áfarli (2007) foreslår meir konkret at både verbet og den syntaktiske struktura har sjølvstendig semantisk-konseptuelt innhald. Graden av harmoni mellom desse avgjer kor semantisk velforma vi oppfattar at ei setning er.

mande, kan den eksoskeletale tilnærminga seiast å nærme seg funksjonalistiske teoriar som konstruksjonsgrammatikk. Den eksoskeletale tilnærminga har derfor også blitt kalla nykonstruksjonistisk eller generativ konstruksjonsgrammatikk. Ein skilnad mellom generativ og kognitiv konstruksjonsgrammatikk er likevel at *representasjonane* eller *konstruksjonane* innanfor den generative, eksoskeletale tilnærminga er abstrakte syntaktiske strukturar som framleis er utforma i tråd med tradisjonelle generative frasestrukturreglar (sjå del 6). Ein annan skilnad er at nokon av dei filosofiske bakgrunnsideane vil vere ulike i den kognitive og den generative varianten, men dette er ikkje avgjerande for analysen eg presenterer her.

Eksoskeletale og tilgrensande ikkje-leksikalistiske generative tilnærmingar kjem i ulike variantar (t.d. Distribuert Morfologi, Embick 2015 og Eksoskeletal syntaks, Borer 2005a, b). I denne artikkelen brukar eg varianten i Åfarli (2005, 2007), som er utvikla basert på norske data. Åfarlis eksoskeletale tilnærming blir nærmare presentert i 6.1.

6 Ein eksoskeletal analyse av setningar med possessivt objekt

Eg vil no argumentere for ein analyse som gjer greie for eigenskapane til norske setningar med possessivt objekt på ein enklare måte enn tidlegare analysar.

6.1 *Analysen i korte trekk*

Til analysen av setningar med possessivt objekt foreslår eg å bruke ein strukturell representasjon som først blei lagt fram av Åfarli (2005, 2007) for setningar som i (31).

- (31) a. Han pusta oss frisk tannkremlukt i ansiktet
 b. De stakk ham en dolk i ryggen (Åfarli og Eide 2003: 126)
 c. Slik har det seg at Disney og andre økonomiske ulver stadig glefser etter våre lommebøker og pisser oss god samvittighet oppetter ryggen (Bringsværd 1991: 81, sitert i Brøseth 1997: 30)


Setningar av denne typen kling gjerne litt rart og er ikkje i utstrekt bruk

i dag, men eg vil foreslå at den strukturelle analysen Åfarli gir slike setningar, kan overførast til setningstypen som er tema for denne artikkelen, nemleg PO-setningar som i (32).


- (32) a. Han pusta oss i ansiktet
 b. De stakk ham i ryggen
 c. De pisser oss oppetter ryggen¹⁶

Åfarli gir strukturen i (33) for setningar av typen i (31). Eg overfører denne strukturen direkte til setningar som i (32) med representasjonen i (34). Åfarlis analyse bygger på ei eksoskeletal, generativ tilnærming til grammatikk.

(33)



(34)



Uavhengig av den tekniske implementeringa, som eg kjem tilbake til, er det spesielt to moment å legge merke til i desse strukturane. Det første er at dei syntaktiske skjeletta for setningane er heilt like, bortsett frå at plassen med *frisk tannkremlykt* i (33) er fylt av eit fonetisk tomt lite *pro* i (34). For det andre er det ein sentral del av analysen at det possessive objektet *oss* er analysert som eit indirekte objekt både i (33) og (34). På dette punktet skil som nemnt denne analysen seg frå Lødrup (2009 b, 2019), der det possessive objektet i staden blir analysert som eit direkte objekt. Eg motiverer analysen av det possessive objektet som eit indirekte objekt i del 6.2.

16. Eit liknande døme var Sylvi Listhaugs utspel om at «Hareide sleikar imamar oppetter ryggen».


Strukturane over er bygde opp i tråd med eit standard X' -bar-skjema. Strukturane er forenkla på den måten at dei ikkje viser TP- og CP-nivåa som er antatt å ligge over projeksjonen PrP, *Predication Phrase*. PrP (Bowers 1993) har som rolle å kople saman subjekt og predikat, og liknar slik på projeksjonane (lille) vP eller VoiceP, som er alternative måtar å introdusere subjektet på i den moderne syntaktiske litteraturen (Chomsky 1995, Kratzer 1996).¹⁷ Strukturane i (33) og (34) inneheld kvar to nivå med PrP. Det øvste nivået koplar saman hovudsetningssubjektet *han* med predikatet, dvs. resten av setninga, *pusta oss frisk tannkremlukt/pro i ansiktet*. Det neste nivået med PrP er ei småsetning, der småsetningssubjektet *frisk tannkremlukt/pro* blir kopla saman med eit lokativt predikat *i ansiktet*. Semantisk er dette eit tilfelle av predikasjon fordi småsetningssubjektet får eigenskapen å hamne *i ansiktet*.¹⁸ Eg gjer nærmare greie for predikasjon og småsetningar i del 6.3, der eg også utforskar referansen til *pro*. Konkret vil eg argumentere for at dette *pro*-et representerer eit implisitt kontaktelement som blir tolka inn i setninga.

Strukturane i (33) og (34) baserer seg altså på Åfarli (2005, 2007). Åfarlis arbeidshypotese går meir konkret ut på at norsk har fem grunnleggjande abstrakte argumentstrukturrammer som ligg til grunn for alle norske setningar. Strukturen i (33) og (34) er den mest utbygde av desse og blir kalla den ditransitive resultatative ramma. For å forstå representasjonane eg brukar, er det nyttig også å sjå på dei andre fire rammene til Åfarli.¹⁹


17. PrP-projeksjonen blei først foreslått av Bowers (1993), som peikar på at predikasjon kanskje er den mest grunnleggjande relasjonen i grammatikken: «There could hardly be a relation more fundamental to grammar than predication. Indeed, it could be argued that predication is, in a certain sense, the most fundamental relation in both syntax and semantics» (Bowers 2001:328).
18. Typiske døme på predikasjon er setningar med *vere* + predikativ, t.d. *huset er blått*, der subjektet *huset* blir gitt eigenskapen *blått*. Same type predikasjonsrelasjon finn vi også mellom *huset* og *blått* i setninga *Vi malte [huset blått]*. *Huset blått* blir derfor analysert som ei småsetning, dvs. eit subjekt-predikat-forhold som, til skilnad frå fulle setningar, ikkje har tempusforankring. Ein del småsetningar har tradisjonelt blitt analyserte som objektpredikativ. Som det kjem fram av (33) – (35), vil også svært mange preposisjonsuttrykk kunne analyserast som ikkje-verbale småsetningar i denne tilnærminga (sjå diskusjon i Åfarli og Eide 2003: 182–189).
19. At det er akkurat fem argumentstrukturrammer, er ikkje reint stipulert, men følgjer frå dei grunnleggjande prinsippa som Åfarli antar, og passar godt med datamaterialet han analyserer. Dette er grundigast presentert i Åfarli (ms.).

(35)


a. Intransitiv ramme




b. Transitiv ramme



c. Ditransitiv ramme



d. Resultativ ramme



Ei syntaktisk argumentstrukturramme er «ein formell representasjon av syntaktiske og semantiske relasjonar» (Åfarli 2005: 318). Her er syntaktiske funksjonar definerte som strukturelle posisjonar. Subjektet står i posisjonen <spes, PrP>, indirekte objekt står i posisjonen <spes, VP>, og direkte objekt står i posisjonen <komp, VP>. Desse argumentposisjonane er utstyrte med prototypiske semantiske roller som saman med verbets semantikk påverkar korleis elementa som står i posisjonane, blir tolka semantisk (denne delen av teorien er særleg vidareutvikla hos Brøseth 2007: 127–130 og Nygård 2013, med utgangspunkt i Dowty 1991). Til dømes inneheld indirekte objekts-posisjonen ei prototypisk *mottakar/benefaktiv/malefaktiv*-rolle, mens direkte objekts-posisjonen inneheld ei prototypisk *patients*-rolle. På denne måten blir dei syntaktiske strukturane meiningsberande.

Sidan teorien er eksoskeletal, kan eitt og same verb settast inn i ulike rammer. Eit element som blir sett inn under V i ei transitiv ramme, tar

på seg oppførselen til eit transitivt verb, medan eit verb som blir sett inn under V i ei intransitiv ramme, tar på seg oppførselen til eit intransitivt verb. Dette gjer greie for argumentstrukturflexibiliteten som blei vist i (29) og (30). Også andre typar element kan settast inn under V og slik få verbale eigenskapar, som i setninga *en venn av meg teslet til Spania i sommer* (sitert i Frengstad 2016), som demonstrerer korleis eigennamnet *Tesla* kan gjerast om til eit nytt intransitivt verb ved at det blir sett inn i eit intransitivt miljø. Slike døme gir ein sterk indikasjon på at argumentsstrukturrammer, eller konstruksjonar, eksisterer uavhengig av orda i seg sjølv.

Med dette på plass kan vi gå tilbake til den strukturelle analysen av PO-setningar. Forslaget eg utforskar, er at PO-setningar er utforma i tråd med Åfarlis femte ramme, den ditransitive resultatative ramma, som i (34). I denne ramma inneheld posisjonen <komp, VP> ei resultatativ småsetning. Dette er posisjonen der ein elles finn direkte objekt, noko som inneber at ein slik struktur ikkje kan innehalde noko tradisjonelt direkte objekt i tillegg til det indirekte objektet. Vi kan såleis samanlikne ei vanleg ditransitiv setning som (36a) med dei ditransitive-resultatative setningane i (36b–c).

- (36) a. Ho gav [Ola]_{IO} [pengane]_{DO}
 b. Ho gav [Ola]_{IO} [pengane rett i lomma]_{Småsetning}
 c. Ho gav [Ola]_{IO} [eit spark i baken]_{Småsetning}

I (36a) har vi ei ordinær ditransitiv setning med *pengane* som direkte objekt. I (36b–c) er det direkte objektet erstatta med småsetningar, og dette er den abstrakte strukturen som ligg til grunn for PO-setningar, jf. (33)–(34).

Under denne analysen må det possessive objektet vere plassert i <spes, VP>, det vil seie posisjonen for indirekte objekt. Analysen av PO-setningar i (34) forutset derfor at det possessive objektet skal ha visse felles eigenskapar med indirekte objekt i ditransitive konstruksjonar og skilje seg frå direkte objekt. Lat oss derfor sjå om det finst eigenskapar som kan motivere ein analyse av possessive objekt som indirekte objekt.

6.2 Possessive objekt som indirekte objekt

Det finst fleire gode grunnar til å analysere norske possessive objekt som indirekte objekt. Ein del av argumenta handlar om at possessive objekt

ikkje oppfører seg som direkte objekt. Sidan syntaktiske objekt strukturelt er enten direkte objekt eller indirekte objekt, er argumenta imot ein direkte objekts-analyse samstundes argument for ein indirekte objekts-analyse.²⁰ Dei fleste argumenta er semantisk funderte, då det finst få ein-tydige syntaktiske argument som kan skilje mellom direkte og indirekte objekt i slike setningar.

Som vi har sett, kan setningar med possessivt objekt dannast med både transitive og intransitive verb. Gitt alle fellestrekkka slike setningar har, foreslår eg ein felles strukturell analyse for alle desse. Med eit eksoskeletal utgangspunkt er ein felles analyse den naturlege tilnærminga: Syntaktiske strukturar eller konstruksjonar blir genererte uavhengig av verba, og det er forventa at verb av forskjellige slag kan settast inn i same struktur så lenge dei har den rette semantikken for denne konstruksjonen. (Verba kan likevel ha ulik oppføring i andre konstruksjonar med andre semantiske krav.) Både verb som *trække* og verb som *slå* kan altså settast inn i strukturen i (34).

Motivasjonen for ein indirekte objekts-analyse er sterkast med typisk intransitive verb, som vi vil sjå. Desse vil eg hevde berre kan ha éin analyse, nemleg analysen der det possessive objektet er eit indirekte objekt. For setningane med transitive verb er også ein annan analyse tilgjengeleg, slik eg vil vise i neste del, 6.2.1, der eg opnar for at to strukturar er tilgjengelege og eksisterer parallelt.

6.2.1 Kroppsdels-PP-en er ofte obligatorisk

Possessive objekt oppfører seg ikkje som vanlege direkte objekt. I ein analyse der det possessive objektet var eit direkte objekt, ville det vere naturleg å analysere kroppsdels-PP-en som eit adjungert predikatsadverbial (PA), jf. (37).

- (37) SU V DO (PA)
 Ho slo han (i magen)

20. Possessive objekt blir også behandla som indirekte objekt i Western (1921: 142). Som Lødrup (2009b: 428) peikar på, er dei fleste av Westerns døme uakkusative setningar, t.d. *Rødselen fra 1801 sad endnu Hvermand i Blodet*. Eg analyserer uakkusative setningar med possessivt objekt i del 6.3.2.

Men ein analyse som i (37) er lite truverdig for svært mange PO-setningar. Det er vanleg å rekne adjungerte ledd som valfrie. Eit adverbial legg til informasjon i setninga, men er ikkje nødvendig for at setninga skal vere komplett. Likevel er kroppsdels-PP-en obligatorisk med typisk intransitive verb, slik (38) viser.

- | | | | |
|------|----|-------------------------|----------------|
| (38) | a. | Ho trakka han på foten | *Ho trakka han |
| | b. | Ho pirka han på skuldra | *Ho pirka han |
| | c. | Ho pusta han i nakken | *Ho pusta han |

Dette talar sterkt imot at possessive objekt er direkte objekt i (38), og talar derfor for at possessive objekt er indirekte objekt. Sidan setningane med typisk transitive og typisk intransitive verb på alle andre måtar oppfører seg likt (jf. del 3), bør dei som nemnt innlemmast under ein felles analyse. Denne felles analysen er strukturen i (34).

Eg vil likevel opne for at setningane med typisk transitivt verb og fakultativ kroppsdels-PP samtidig har ein alternativ analyse på linje med (37), med *han* som eit ordinært direkte objekt. Støtte for denne mogleheita kan vi finne i fransk, der det varierer med verbet kva form det possessive objektspronomenet tar. Ein vil seie *elle lui a marché sur le pied* (ho trakka han_{DAT} på foten) med dativ-pronomen, men *elle le/lui a frappé sur la main* (ho slo han_{AKK/DAT} på handa) med akkusativ- eller dativpronomen. Med eit typisk transitivt verb som *frapper* er akkusativversjonen den vanlegaste (Hans Petter Helland, p.k.). Dette kan tolkast som at *frapper* ‘slå’ kan opptre med både direkte og indirekte objekt i denne konstruksjonen, og slik har to moglege strukturar, medan *marcher* ‘gå, trakke’ berre tar indirekte objekt. Det same kan gjelde for norsk.²¹

21. Her må det leggst til at somme talarar som framleis nyttar dativformer i norsk, føretrekker akkusativ på det possessive objektet (Tor Erik Jenstad p.k.). Dette kan takast som motargument til analysen eg foreslår. For tysk viser Lee-Schoenfeld (2012) at det varierer med verbet og preposisjonen kva kasus det possessive objektet får. Når både akkusativ og dativ er mogleg (*Der Junge hat ihn_{AKK}/ihn_{DAT} in die Nase gebissen*), nyttar ein akkusativ for å framheve den som utfører handlinga og dativ for å vektlegge personen og kroppsdelen handlinga blir retta mot. Syntaks og semantikk spelar altså saman på intrikat vis for å avgjere kasus på possessive objekt. Gitt denne variasjonen vil eg vere forsiktig med å trekke for sterke konklusjonar basert på kasusform, sjølv om parallellane til fransk og tysk er interessante og kan vere opplyssande også for tolkinga av norske data.

I resten av denne diskusjonen vil eg legge mest vekt på setningar av typen i (38), der berre éin struktur er mogleg. Som eg vil vise, har slike setningar mange informative eigenskapar som gjer det klart at det er skilnad på possessive objekt (dvs. indirekte objekt i min analyse) og direkte objekt. Varianten med verb som *slå* vil også dukke opp gjennom diskusjonen, men i mindre grad, sidan desse har ein mindre avslørande oppførsel.

Før eg går vidare, gir eg på nytt ein merknad om termene *transitiv* og *intransitiv*. Sjølv om eg har kalla verba i (38) intransitive, viste eg i del 3 at fleire slike verb fint kan stå i strukturar med direkte objekt, og altså oppføre seg transitivt, så lenge dette objektet er inanimat, vist også i (39). Denne typen argumentstrukturvariasjon er forventa i eit eksoskeletal rammeverk, og det er altså derfor eg legg til «typisk» når eg omtalar slike argumentstruktureigenskapar.

- (39) a. Ho trakka ny skiløype
 b. Dragen pusta røyk

Legg no merke til at døma i (38) og (39) indikerer at det er ulike restriksjonar på possessive objekt (som må vere animate med verba *trakke* og *puste*) og direkte objekt (som må vere inanimate med verba *trakke* og *puste*). At ordinære direkte objekt og possessive objekt er underlagt ulike semantiske krav med desse verba, kan takast til inntekt for analysen der direkte objekt og possessive objekt har ulike syntaktisk status. Det talar altså for at possessive objekt ikkje er direkte objekt. I staden kan dei vere indirekte objekt.²²

6.2.2 Possessive objekt og direkte objekt får ofte svært ulik tolking

Ein del verb kan ta eit animat objekt, både som possessivt objekt og direkte objekt, men med svært ulike tolkingar på dei to objektstypene, sjå (40) og (41).

22. Dette skal ikkje tolkast som at alle indirekte objekt er animate og alle animate objekt er indirekte. Poenget er snarare at vi finn ei rekke skilnader mellom typiske direkte objekt og possessive objekt som kjem til uttrykk på ulike måtar i setningstypene eg gjennomgår her. Slike gjennomgåande skilnader sannsynleggjer at dei to objektstypene har ulik syntaktisk status.

- | | | | |
|------|----|---|-------------------|
| (40) | a. | Ho teikna <i>han</i> | Direkte objekt |
| | b. | Ho teikna <i>han</i> i ansiktet | Possessivt objekt |
| (41) | a. | Trollet spytta <i>småungar/ morellsteinar</i> | Direkte objekt |
| | b. | Trollet spytta <i>småungane</i> i ansiktet | Possessivt objekt |

I (40a), der *han* er eintydig direkte objekt, er det direkte objektet *han* den som blir avbilda. I (40b) med possessivt objekt er objektet derimot den det blir teikna på. I (41a) med direkte objekt, er objektet det som blir spytta, medan det er mottakar av spyttet i (41b) med possessivt objekt. I PO-setningane, til skilnad frå setningane med direkte objekt, får objektet altså ei mottakarrolle eller benefaktiv/malefaktiv-rolle. Denne typen semantisk rolle er nettopp det vi forbind med indirekte objekt. Slike døme støttar derfor ein indirekte objekts-analyse av possessive objekt.

6.2.3 Possessive objekt kan vere eintydige indirekte objekt

Possessive objekt opptrer også i konstruksjonar der dei er eintydige indirekte objekt, som i (42).

- | | | |
|------|----|--|
| (42) | a. | Nokon kviskra/ropte <i>meg</i> i øyret <i>at du skulle på kino i kveld</i> |
| | b. | Ho teikna <i>han</i> krusedullar i ansiktet. |

I (42a) må det possessive objektet *meg* vere indirekte objekt, og at-setninga blir deplassert småsetningssubjekt (jf. strukturen i 6.1). (Alternativt kan det vere eit direkte objekt om ein ikkje brukar småsetningsanalyse). I (42b) må det possessive objektet *han* vere indirekte objekt, og *krusedullar* blir småsetningssubjekt. Desse døma viser at indirekte objekt kan ha tolkinga til possessive objekt i norsk. Sjå no på døma i (43).

- | | | |
|------|----|--|
| (43) | a. | Nokon pusta/ropte <i>meg</i> i øyret ²³ |
| | b. | Ho teikna <i>han</i> i ansiktet |

23. Følgjande overskrift blei trykt i avisa *Nordlys* 02.07.14: *Siv ble ropt i øret. Siden har hun fått smertefulle anfall.*

Dei possessive objekta i (43) får same tolking som dei indirekte objekta i (42). Dette viser at possessive objekt kan ha same oppførsel som eintydige indirekte objekt.

Den strukturelle analysen min går ut på at noko som svarar til *at*-setninga i (42a) og *krusedullar* i (42b), er implisitt i (43a og b). Naturen til dette implisitte elementet kjem eg til i del 6.3.

Dei føregåande argumenta har handla om den semantiske tolkinga til objektet, der possessive objekt gjerne skil seg frå direkte objekt og har samanfallande oppførsel med indirekte objekt. Det neste argumentet tar for seg den semantiske tolkinga til verbet med ulike typar objekt.

6.2.4 *Nappe* med possessivt objekt

Lødrup (2009 b: 429–431) observerer at eit verb som *nappe* har ulik semantikk når det tar eit ordinært direkte objekt, (44a), og når det tar possessivt objekt, (44b).

- | | | | |
|------|----|--------------------------------|-------------------|
| (44) | a. | Han nappet <i>lua hennes</i> | Direkte objekt |
| | b. | Jeg napper <i>ham</i> i barten | Possessivt objekt |
| | c. | Jeg napper i barten hans | |

Lødrup analyserer begge objekta, både (44a) og (44b), som direkte objekt og argumenterer for at skilnaden kjem av at vi har to ulike verb *nappe*, eit transitivt og eit intransitivt. I PO-setningane er det den intransitive varianten som blir bruka, jf. den semantiske likskapen med den intransitive setninga i (44c).

Ei alternativ tolking av (44a) og (44b) er at den semantiske skilnaden i tolkinga av *nappe* kjem av at vi har å gjere med to ulike konstruksjonar, med eit direkte objekt i (44a) og eit indirekte objekt i (44b). Ulike strukturar bringar fram ulike semantiske tolkingar av verbet. Denne tilnærminga er ein del av grunntanken i det eksoskeletale rammeverket: Leksikalske element er radikalt underspesifiserte for grammatiske eigenskapar. Verb har ikkje ein fast argumentstruktur, men kan settast inn i ulike argumentstrukturrammer og med ulike typar objekt som i sin tur formar korleis verba blir tolka. I dette tilfellet bringar strukturane med dei to ulike objekta fram ulike tolkingar av *nappe*. Den syntaktiske strukturen eller konstruksjonen kan slik seiast å vere berar av ein basissemantikk. Med denne tilnærminga unngår vi å postulere mange ulike variantar

av kvart verb, men står i staden med ei avgrensa mengde verb som kan brukast i ulike miljø og tolkast deretter.

Argumenta eg har trekt fram her for ein indirekte objekts-analyse av possessive objekt, er i hovudsak semantiske (med unntak av 6.2.1 som også kan reknast som syntaktisk). Klare syntaktiske argument eller testar som kan skilje mellom direkte og indirekte objekt, finst det dessverre få av for denne konstruksjonen. Semantiske argument må reknast som svakare enn syntaktiske, og denne utfordringa er like stor anten ein argumenterer for ein analyse av possessive objekt som direkte eller indirekte objekt. Her har eg likevel peika på eigenskapar ved possessive objekt som gir støtte til analysen eg foreslår, der possessive objekt står i posisjonen <spes, VP>, der ein elles finn indirekte objekt, og derfor ikkje oppfører seg som vanlege direkte objekt.

Avslutningsvis i denne delen vil eg til sist nemne eit syntaktisk argument som er blitt diskutert i litteraturen (Lødrup 2019), nemleg possessive objekt i upersonlege passivsetningar. I upersonlege konstruksjonar må eit direkte objekt stå i ubestemt form, jf. *Det blei ete [ein pizza/*pizzaen/*han]_{DO}*. Det direkte objektet kan altså ikkje realiserast som personleg pronomener eller DP i bestemt form i slike tilfelle, eit mønster som er kjent som bestemtheitseffekt (*definiteness effect*). Indirekte objekt er ikkje underlagt den same restriksjonen, jf. *Det blei gitt [han/mannen/ein mann]_{IO} ei bok*, der alle variantane er moglege.

Denne skilnaden skulle kunne brukast til å skilje mellom dei to analysane av possessive objekt. Basert på dette gir Lødrup (2019) dømet i (45), der ei PO-setning er skriven om til upersonleg passiv (hans akseptabilitetsvurdering).

(45) Det ble tråkket *en mann* / **mannen* på foten

Lødrup vurderer den ubestemte forma som meir akseptabel enn den bestemte og tar dette som støtte for at det possessive objektet her er eit direkte objekt. Her deler eg imidlertid ikkje vurderinga til Lødrup, og i mine øyro kling begge variantane i (45) nokså dårleg i dette tilfellet. Derimot synest eg det kling betre når det possessive objektet er realisert som pronomener. Det skulle i så fall indikere at det strukturelt fungerer som indirekte objekt.²⁴

24. Takk til Helge Dyvik (p.k.) som først gjorde meg merksam på slike setningar under

- (46) a. ?Det blei slått *han* i ansiktet
 b. ?Det blei trakka *han* på foten
 c. ?Det blei pissa *oss* oppetter ryggen

Vurderingane i (45) og (46) peikar i ulike retningar, og talarar er heller ikkje einige om kva som kling best. Samla sett er det derfor vanskeleg å kome med klare konklusjonar basert på dette.²⁵

Oppsummerande har eg i denne delen peika på ulike eigenskapar ved possessive objekt som motiverer at dei kan analyserast strukturelt som indirekte objekt heller enn direkte objekt: (i) kroppsdel-PP-en er ofte obligatorisk, noko som er uventa under ein direkte objekts-analyse, (ii) possessive objekt og direkte objekt har gjerne ulik semantisk tolking (*ho teikna han* vs. *ho teikna han i ansiktet*), (iii) possessive objekt og indirekte objekt har gjerne lik semantisk tolking (*ho teikna han (eit hjarte) på kinnet*, og (iv) verb som *nappe* får ulik tolking i strukturar med possessivt objekt og strukturar med direkte objekt. Eit siste argument som ikkje enno er blitt presentert, handlar om løfting i uakkusative setningar. Dette argumentet krev noko meir bakgrunn, så det kjem eg tilbake til i del 6.3.2.

6.3 Eit implisitt kontaktelement i PO-setningar

6.3.1 Kva er det som er «i ryggen»?

I setningstypen illustrert i (47a), analysert av Åfarli (2007), er det uttrykt eksplisitt kva som kjem i kontakt med kroppsdel til det possessive objektet. I setningstypen eg analyserer i denne artikkelen, (47b), er kontaktelementet derimot implisitt og må tolkast ut ifrå verbet og den større konteksten.

- (47) a. Hun stakk ham en dolk i ryggen
 b. Hun stakk ham i ryggen

Analysen eg foreslår, går ut på at setningane har lik struktur, men at typen i (47b) har eit implisitt kontaktelement som svarar til *en dolk* i (47a). Her utforskar eg nærmare det implisitte kontaktelementet i b-typen.

MONS 16 i 2015.

25. Diskusjonen her peikar likevel mot utforska område for definittheitsrestriksjonar som kan undersøkast i seinare forskning.

Også Hundal (2002: 75) foreslår at det er underforstått i ei setning som *Hun blåste meg i øret* at noko blir overført til objektet, på linje med *Hun blåste meg (varm pust) i øret*. Ho behandlar derfor dette som ein ditransitiv konstruksjon med indirekte objekt.

I del 3 såg vi døme på ei rekke verb som kan danne PO-setningar i norsk. I alle tilfella tolkar vi setninga slik at noko kjem i kontakt med kroppsdelen til det possessive objektet. Nokre av døma er repeterte i (48) under.

- (48)
- a. Kari boksa Ola i magen
 - b. Kari kyssa Ola på munnen
 - c. Kari sparka Ola i leggen
 - d. Kari beit Ola i fingeren
 - e. Kari kitla Ola under foten
 - f. Kari strauk Ola over ryggen
 - g. Kari smula Ola på foten
 - h. Kari pusta Ola i nakken
 - i. Kari rapte Ola i ansiktet
 - j. Kari stirra Ola på halsen

Som døma eksemplifiserer, kan kontakten mellom subjektet og objektet kan vere direkte, slik det er med *kysse* og *sparke*, eller indirekte, slik det er med *smule* og *puste*. Med den siste typen er det ikkje Kari sjølv som er borti Ola, men noko Kari «sender ut», som til dømes *kakesmular* eller *pust*, som hamnar på kroppsdelen til Ola. Verba som kan ta possessivt objekt i norsk, er altså dei som har semantisk-konseptuelt innhald til å formidle direkte eller indirekte kontakt mellom subjektet og kroppsdelen til objektet.

Ein sterk indikasjon på at vi tolkar inn eit implisitt kontaktelement i possessivt objekt-setningane, gjeld valet av preposisjon. I PO-setningar er preposisjonane *i* og *på* dei vanlegaste, men vi finn også andre, som *over* og *under*, slik døma i (48) viser. I ein del tilfelle vil ei veksling mellom ulike preposisjonar få fram ulike tolkingar, jf. (49) – (50).


- (49)
- a. Kari slo han *på* magen
 - b. Kari slo han *i* magen

- (50) a. Kari pusta Ola *i* øyret
 b. Kari pusta Ola *på* øyret

(49a) gir inntrykk av at Kari slår lett, gjerne med flat hand, og utan at magen gir etter i særleg grad. (49b) gir derimot inntrykk av at Kari slår relativt hardt slik at magen gir etter. Kva er det så som avgjer valet av preposisjon? Kva er det eigentleg som hamnar *i* eller *på* magen? Det må nettopp vere handa eller slaginstrumentet det blir slått med. Valet mellom *i* og *på* i døma over handlar altså om korleis det implisitte elementet, slaginstrumentet, blir lokalisert på det possessive objektet. Medan *på* berre formidlar overflatekontakt mellom slaginstrument og mage, formidlar *i* at det blir danna eit slags rom rundt slaginstrumentet, i tråd med semantikken som elles er skildra for *i* og *på* i norsk (t.d. Aa 2013, Szymańska 2014).

Til skilnad frå *slå* er ikkje *puste* eit tradisjonelt kontaktverb, men det kan danne PO-setning i norsk fordi vi likevel kan tolke inn noko som kjem i kontakt med kroppsdelen til det possessive objektet. I dette tilfellet er det sjølve pusten. Med *i* tolkar vi det slik at pusten hamnar i øyregangen til Ola, medan *på* gir ei lesing der pusten hamnar på den ytre delen av øyret. Vekslinga mellom *i* og *på* i PO-setningar er enkelt gjort greie for når vi hevdar at ho stammar frå måten sjølve kontaktelementet blir lokalisert på kroppsdelen på.

Syntaktisk analyserer eg det implisitte kontaktelementet som eit lite *pro* som blir mata med semantisk og konseptuelt innhald frå verbet og resten av konteksten. Det implisitte kontaktelementet fungerer som subjekt i ei småsetning. Den endelege strukturen for *ho pusta han i øyret* er gitt i (51) med ein tenkt naturleg referent til *pro* i klammer.



Småsetningar er minimale predikasjonsrelasjonar utan tempus, og predikasjon er namnet på prosessen der ein tar eit subjekt – den det handlar om – og koplar det til eit predikat – det ein vil hevde om subjektet. At vi har eit tilfelle av predikasjon i småsetninga <luft> i *øyret*, kjem fram av at denne relasjonen kan skrivast om til *luft er/hamnar i øyret*. I strukturen er dette altså formidla ved ein predikasjons-projeksjon som koplar saman subjekt og predikat.

Ein fordel med den foreslåtte analysen er at han predikerer kva verb som kan danne PO-setningar: det er verb som har semantisk-konseptuelt innhald til å fylle plassen til småsetningssubjektet, slik at semantisk predikasjon med kroppsdel-PP-en oppstår. Vidare kan vi spekulere i at setningane som er mest tvilsame, er dei der ein må jobbe hardast for å finne eit passende småsetningssubjekt. Poenget kan illustrerast med to døme frå Hundal (2002).

- (52) a. Han nynnet oss *et kjærtegn* i nakkegropa
(Hundal 2002)
b. ?Han nynnet oss i nakkegropa (*mi omskriving*)
- (53) a. Hun blåste meg *varm pust* i øret (Hundal 2002: 75)
b. Hun blåste meg i øret (Hundal 2002: 75)

I (a)-eksempla er småsetningssubjektet gjort eksplisitt og setningane er akseptable. I (b)-eksempla er småsetningssubjektet implisitt. Her er (53b) ei fullgod setning fordi det er enkelt å finne fram til eit passende kontaktelement ut ifrå verbsemantikken og resten av setninga. (52b) er derimot mindre akseptabel fordi det ikkje er like lett å finne eit naturleg kontaktelement som kan fungere som implisitt småsetningssubjekt og etablere semantisk predikasjon med *i nakkegropa*.²⁶

Ein annan fordel med den foreslåtte analysen er at vi har parallelle syntaktiske representasjonar for PO-setningar med ulike verbytpar, det vil seie uavhengig av om verbet er *transitivt/intransitivt* eller formidlar *direkte/indirekte kontakt*. Dette er mogleg i eit eksoskeletalte rammeverk

26. Med atter andre verb er eit synleg småsetningssubjekt obligatorisk for å «akseptabilisere» setninga, som med *kaste*, jf. **Ho kasta han i hovudet* vs. ?*Ho kasta han ein ball i hovudet*. At ulike verb har ulike moglegheiter til å danne PO-setningar, må forklarast av semantikken til verba. Eik (2014: 95–97) gir ein inngåande diskusjon av *slå* vs. *kaste* i PO-setningar i lys av dette.

der verba ikkje har ein formell argumentstruktur som bestemmer setningsstrukturen, men der ein heller har ferdiggenererte syntaktiske miljø som verba kan settast inn i, så lenge dei har den rette semantikken. Semantikken til verbet kan strekkast og tøyast i ulike retningar for å passe med semantikken i den syntaktiske strukturen, men om ein må strekke det for langt, blir setninga uakseptabel.

6.3.2 PO-setningar med uakkusativ lesing

Det finst nokre døme på PO-setningar som er danna med verb med uakkusativ lesing.

- (54) a. Regnet *slo* ho i ansiktet
 b. Han *går* meg på nervane!
 c. Ho *låg* meg alltid i tankane

Ifølgje uakkusativhypotesen (Burzio 1986, Perlmutter 1978) er subjektet til uakkusative verb løfta opp frå ein argumentposisjon lenger nede i strukturen. Dette gjer greie for at slike subjekt gjerne manglar typiske subjektseigenskapar som agentivitet (jf. *ligge* vs. *legge*), og at dei har ein variant med formelt subjekt og såkalla potensielt eller eigentleg subjekt lenger ut i setninga. Prinsippet er illustrert med det uakkusative verbet *ligge* i (55).


- (55) a. *Det låg ein katt* på trappa
 ↓
 b. *Ein katt låg* _____ på trappa

Ein vanleg analyse er at det potensielle subjektet *ein katt* i (55a) har opphav i denne nedste posisjonen, markert med streken i (55b). Dermed står setninga i utgangspunktet utan subjekt, men for å oppfylle det absolutte subjektskravet i norsk kan enten *ein katt* løftast opp til subjektsplass, som i (55b), eller eit semantisk tomt *det* kan settast inn på subjektsplass, som i (56a) (sjå t.d. Åfarli og Eide 2003: 231).

PO-setningane i (54b–c) er danna med typiske uakkusative verb, og (54a) tolkar eg som ei uakkusativ, ikkje-agentiv lesing av verbet *slå*. Setninga kan skrivast om til ei presenteringssetning *Det slo ho regn i ansiktet*, som indikerer at vi har med uakkusativitet å gjere, sjølv om dette rett nok er ein uvanleg uttrykksmåte. Den syntaktiske strukturen for (54a)

er gitt i (56). *Regnet*, som er opphavleg småsetningssubjekt, er løfta opp og fungerer som hovudsetningssubjekt.

(56)



At *regnet* er opphavleg småsetningssubjekt, stemmer godt semantisk. Lesinga av setninga er ikkje at *regnet* med vilje slår *ho*, men heller at *regnet* hamnar *i ansiktet* på *ho*. Vi har med andre ord semantisk predikasjon mellom *regnet* og *i ansiktet* (*regnet* får eigenskapen å vere *i ansiktet*), som venta av den foreslåtte syntaktiske analysen.

Analysen eg har skissert her, medfører interessante forventningar for løfting i uakkusative setningar. No kjem eg tilbake til det siste argumentet for at possessive objekt er indirekte objekt, som lova i del 6.2. Det er nemleg kjent frå tidlegare at indirekte objekt ikkje kan løftast til subjekts plass i uakkusative setningar i norsk (Åfarli 1992: 135–167). Denne restriksjonen er vist med ei ordinær ditransitiv setning i (57) og ei PO-setning med synleg småsetningssubjekt i (58). *Ola* kan ikkje løftast til subjekts plass (b-eksempla), men som døma viser, kan eit direkte objekt eller eit småsetningssubjekt fint gjere det (c-eksempla).

- (57)
- Det hende Ola_{IO} [ei ulykke]_{DO}
 - *Ola hende _____ ei ulykke
 - Ei ulykke hende Ola _____

- (58)
- Det datt Ola ei bok i fanget
 - *Ola datt ___ ei bok i fanget
 - Ei bok datt Ola i fanget


Dette viser klart at det possessive objektet *Ola* i (58) er eit indirekte objekt i varianten av PO-setningar som har eit synleg småsetningssubjekt (*ei bok*). Basert på dette predikerer vi også at ein ikkje kan løfte opp *ho* i (56) og få ei uakkusativ lesing. Denne prediksjonen stemmer, jf. (59), som ikkje kan ha den intenderte uakkusative tolkinga.

(59) #Ho slo regnet i ansiktet


Desse mønstera gir ytterlegare støtte til analysen av possessive objekt som indirekte objekt.

Avslutningsvis kan vi samanlikne ei agentiv og ei ikkje-agentiv lesing av PO-setninga *Guten slo han i ansiktet*. Den agentive lesinga er den vanlege og inneber at guten brukar handa si eller eit anna slaginstrument til å slå nokon andre i ansiktet. Den ikkje-agentive lesinga er mindre vanleg, og krev ein spesiell kontekst. Ein slik kontekst kan vere ei scene frå originalversjonen av Pinocchio der han blir heisa opp i eit tre. Om vi ser for oss at Pinocchio heng og sleng i vinden og slik slår inn i ansiktet på nokon, får vi ei ikkje-agentiv, uakkusativ lesing av setninga *Guten slo han i ansiktet*. Strukturen for dei to variantane er gitt i (60), med den agentive, transitive varianten i (60a) og den ikkje-agentive, uakkusative varianten i (60b).²⁷

(60) a.



b.



Ein interessant semantisk skilnad mellom dei to setningane er det vi tolkar inn som *kontaktflata* i ansiktet. I den agentive varianten i (60a) tolkar ein det slik at det er eit punkt i ansiktet som blir råka. I den ikkje-agentive

27. I tillegg til desse to strukturane er det som nemnt i 6.2.1 mogleg for den agentive, transitive setninga å ha ein tredje struktur: [*Guten*]_{SU} slo [*han*]_{DO} [*i ansiktet*]_{PA}

varianten i (60b) er det derimot heile ansiktet som blir råka. Storleiken på kontaktflata er avhengig av kva vi tolkar som slaginstrument, det vil seie kva som fungerer som implisitt småsetningssubjekt og får eigenskapen av å hamne *i ansiktet*, gitt semantisk predikasjon. I (60a) er kontaktflata lita fordi vi tolkar inn eit lite småsetningssubjekt, som ei hand eller eit anna slaginstrument. I (60b) er kontaktflata stor fordi det er heile *guten* som landar *i ansiktet*.²⁸ Også dette semantiske aspektet blir fanga opp av dei syntaktiske analysane eg har foreslått for PO-setningar.

7 Avslutning

Possessive objekt har fått mykje merksemd i den internasjonale litteraturen, men så langt ikkje like mykje i norsk, med unntak av arbeid som Lødrup (2009 b, 2019). I denne artikkelen har eg utforska ei ny tilnærming til norske PO-setningar, forankra i eksoskeletal, ikkje-leksikalistisk teori. Eg har argumentert for at Åfarlis (2005, 2007) analyse av setningar som *dei pusta oss frisk tannkremluft i ansiktet* med fordel kan overførast til PO-setningar som *dei pusta oss i ansiktet*. Analysen inneber at possessive objekt strukturelt må vere indirekte objekt, og at PO-setningar har eit implisitt kontaktelement.

I tradisjonelle, leksikalistiske analysar av possessive objekt har det vore ei teoretisk utfordring at objektet kan kome i tillegg til argumenta i verbets konvensjonelle argumentstruktur. For norsk har vi til dømes sett at eit verb som *trakke* kan ta possessivt objekt sjølv om dette verbet ofte elles er intransitivt. Innanfor den ikkje-leksikalistiske, eksoskeletale tilnærminga eg har nytta, er ikkje dette eit problem. Sidan verb er underspesifiserte for argumentstruktur, er det snarare forventa at eit verb som *trakke* har fleksibel oppførsel og opptrer med ulikt antal syntaktiske argument. Leksikalske element, som verb og kroppsdelsnomen, er radikalt underspesifiserte for grammatisk informasjon som argumentstruktur og theta-roller.

Dei teoretiske og empiriske argumenta eg har presentert, tar oss til konklusjonen at verbets tradisjonelle argumentstruktur i streng forstand

28. Denne tolkinga gjeld rett nok berre om personen som blir råka, har eit ansikt på vanleg menneskestorleik, dvs. som er mindre enn *guten*. Om ansiktet derimot høyrer til eit troll, kan ein mindre del av ansiktet bli råka også i den ikkje-agentive varianten.

er irrelevant for norske PO-setningar. Det som er relevant, er semantikken som ligg i den syntaktiske strukturen og semantikken til verba ein set inn i denne strukturen. Norsk skil seg frå engelsk i å kunne danne PO-setningar med både typisk transitive og typisk intransitive verb, og både med verb som formidlar direkte kontakt, som *slå*, *stikke* og *trakke*, og verb som formidlar indirekte kontakt, som *puste*, *rope* og *smule*. Observasjonane kan tolkast på følgjande måte: Det som skil dei norske og engelske mønstera frå kvarandre, er at norsk har tilgjengeleg den syntaktiske strukturen i (33) og (34), mens engelsk manglar denne. Engelsk brukar i staden ein enkel transitiv struktur med kroppsdel-PP-en som adjungert i sin variant av PO-setningar, til dømes *She hit him_{DO} [on the shoulder]_{PA}*. Denne strukturen er kompatibel med ei mindre gruppe verb enn dei vi finn i den norske varianten.

Til skilnad frå fleire tidlegare analysar har eg ikkje foreslått ein grammatisk mekanisme (som løfting, binding eller strukturdeling) som etablerer eigarskapsrelasjonen mellom objektet og kroppsdelnomenet. Eg har heller ikkje foreslått at grammatikken dannar to ulike versjonar av nomen som kan tolkast både avhendeleg og uavhendeleg. Vi har berre ein variant av *fot*, *nakke*, *ski*, *jakke*, *klokke* og andre (u)avhendelege nomen. I staden sluttar eg meg til tilnærminga der denne delen av tolkinga følgjer av den generelle syntaksen til setninga, kombinert med pragmatikk og verdskunnskap. Som talarar veit vi at kroppsdelar ofte heng fast i ein kropp, og denne kunnskapen brukar vi når vi tolkar og brukar kroppsdelnomen. I funksjonalistiske ordelag kan ein seie at relasjonen mellom person og kroppsdel ikkje treng å kodast grammatisk ettersom han er implisitt frå verdskunnskapen og andre tilhøve i setninga. Dette forklarar også at det nettopp er kroppsdelnomen som kan opptre syntaktisk eksternt frå eigaren og stå utan possessivmarkering i språk etter språk og konstruksjon etter konstruksjon (jf. 2.1).

Det er ikkje dermed sagt at verdskunnskap kan gjere greie for alle observasjonar innanfor såkalla kroppsdelssyntaks. Fleire sider av dette må undersøkast i vidare forskning, men denne artikkelen viser korleis ei ikkjeleksikalistisk, eksoskeletal tilnærming kan opne opp for nye og potensielt fruktbare perspektiv på fenomen som kroppsdelssyntaks, eksternt eigarskap og uavhendeleg eigarskap.

Litteratur

- Alexiadou, Artemis. 2003. Some notes on the structure of alienable and inalienable possessors. I: *From NP to DP*, bind 2, red. Martine Coene og Yves D'hulst, 167–188. Amsterdam: John Benjamins.
- Berman, Ruth A. 1981. Dative Marking of the Affected in Modern Hebrew. I: *Theoretical Issues in the Grammar of Semitic Languages* (MITWPL 3), red. Hagit Borer og Youssef Aoun, 150–179. Cambridge, MA: MITWPL.
- Borer, Hagit. 2003. Exo-skeletal vs. endo-skeletal explanations: syntactic projections and the lexicon. I: *The nature of explanation in linguistic theory*, red. John Moore og Maria Polinsky, 31–67. Chicago: University of Chicago Press (CSLI).
- . 2005 a. *In name only*. Vol. I. Oxford: Oxford University Press.
- . 2005 b. *Structuring sense II: The normal course of events*. Vol. II. Oxford: Oxford University Press.
- . 2013. *Structuring sense III: Taking form*. Vol. III. Oxford: Oxford University Press.
- Bowers, John. 1993. The syntax of predication. *Linguistic Inquiry*, 24, 591–656.
- . 2001. Predication. I: *The Handbook of contemporary syntactic theory*, red. Mark Baltin og Chris Collins, 299–333. Malden, Mass: Blackwell.
- Bringsværd, Tor Åge. 1991. *Det eventyrlige*. Oslo: Cappelen.
- Brøseth, Heidi. 1997. *Dobbelt objekt og tilgrensende konstruksjoner i moderne norsk*. Masteroppgåve, NTNU, Trondheim.
- . 2007. *A neo-constructional approach to computer-oriented talk*. Doktorgradsavhandling, NTNU, Trondheim.
- Burzio, Luigi. 1986. *Italian Syntax: A Government-Binding Approach*. Dordrecht: Reidel.
- Chappell, Hilary og William McGregor, red. 1996. *The Grammar of Inalienability: A Typological Perspective on Body Part Terms and the Part–Whole Relation*. Berlin: Walter de Gruyter.
- Chomsky, Noam. 1995. *The Minimalist Program*. Cambridge, Mass: MIT Press
- Deal, Amy Rose. 2017. External Possession and Possessor Raising. I: *The Wiley Blackwell Companion to Syntax*, andre utg., red. Martin

- Everaert og Henk C. van Riemsdijk, 1–32. John Wiley & Sons. DOI: 10.1002/9781118358733.wbsyncom047.
- Dowty, David. 1991. Thematic proto-roles and argument selection. *Language*, 67 (3), 547–619.
- Embick, David. 2015. *The Morpheme: A Theoretical Introduction*. Berlin: De Gruyter.
- Eik, Ragnhild. 2014. *Setningar med possessivt objekt i norsk: Ein nykonstruksjonistisk analyse av setningar som «ho trakka han på foten»*. Masteroppgåve, NTNU, Trondheim. <http://hdl.handle.net/11250/275722>
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fillmore, Charles. 1968. The Case for Case. I: *Universals in Linguistic Theory*, red. Emmon W. Bach og Robert Thomas Harms, 1–90. New York: Holt, Rinehart and Winston.
- Frengstad, Lars Tsujimoto. 2016. *Å verbe. En eksoskeletal analyse av norske kreative verbkonstruksjoner*. Masteroppgåve, NTNU, Trondheim. <http://hdl.handle.net/11250/2403390>
- Goldberg, Adele E., 2003. Constructions: A new theoretical approach to language. *Trends in cognitive sciences*, 7 (5), 219–224.
- Guéron, Jacqueline. 1985. Inalienable Possession, PRO-Inclusion and Lexical Chains. I: *Grammatical Representation*, red. Jacqueline Guéron, Hans-Georg Obenauer og Jean-Yves Pollock, 43–86. Dordrecht: Foris.
- Haspelmath, Martin. 1999. External Possession in a European Areal Perspective. I: *External Possession*, red. Doris L. Payne og Immanuel Barshi, 109–135. Amsterdam: John Benjamins.
- Heine, Bernd. 1997. *Possession: Cognitive sources, forces, and grammaticalization*, Cambridge: Cambridge University Press
- Hundal, Anne Kathrine. 2002. *Han nynnet oss et kjærtegn i nakkegropa. En grammatisk studie av norske verbkonstruksjoner*. Masteroppgåve, NTNU, Trondheim.
- Johannessen, Janne Bondi, Marit Julien og Helge Lødrup. 2014. Preposisjoner og eierskapsrelasjoner: et menneskesentrert hierarki. I: *Språk i Norge og nabolanda: Ny forskning om talespråk*, red. Janne Bondi Johannessen og Kristin Hagen, 65–98. Oslo: Novus

- Kratzer, Angelika. 1996. Severing the external argument from its verb. I: *Phrase structure and the lexicon*, red. Johan Rooryck og Laurie Zaring, 109–137. Dordrecht: Springer
- Lee-Schoenfeld, Vera. 2012. Case and affectedness in German inalienable possession constructions. *Linguistische Berichte*, 232, 399–416.
- Lee-Schoenfeld, Vera og Gabriele Diewald. 2014. The pragmatics and syntax of German inalienable possession constructions. *Annual Meeting of the Berkeley Linguistics Society*. 40, 286–310.
- Levin, Beth. 1993. *English verb classes and alternations: A preliminary investigation*. Chicago: University of Chicago press.
- Lévy-Bruhl, Lucien. 1916. L'expression de la possession dans les langues mélanésiennes. *Mémoires de la Société de linguistique de Paris*, 19, 96–104.
- Lohndal, Terje. 2014. *Phrase structure and argument structure: a case study of the syntax-semantics interface*. Oxford: Oxford University Press.
- Lundquist, Björn og Gillian Ramchand. 2012. Contact, Animacy and Affectedness in Germanic. I: *Comparative Germanic Syntax: The State of the Art*, red. Peter Ackema, Rhona Alcorn, Caroline Heycock, Dany Jaspers, Jeroen Van Craenenbroeck og Guido Vanden Wyngaerd, 223–248. Amsterdam: John Benjamins
- Lødrup, Helge. 2009 a. External and internal possessors with body part nouns: The case of Norwegian. *SKY Journal of Linguistics* 22, 221–250.
- . 2009 b. Looking possessor raising in the mouth: Norwegian possessor raising with unergatives. I: *Proceedings of the LFG09 Conference*, red. Miriam Butt og Tracy Holloway King, 420–440.
- . 2019. The accusative external possessor with Norwegian unergatives. *Argentum* 15, 561–574.
- Nygård, Mari. 2013. *Discourse ellipsis in spontaneously spoken Norwegian: Clausal architecture and licensing conditions*. Doktorgradsavhandling, NTNU, Trondheim.
- Payne, Doris L. og Immanuel Barshi. 1999. External Possession: What, Where, How, and Why. I: *External Possession*, red. Doris L. Payne og Immanuel Barshi, 3–31. Amsterdam: John Benjamins.
- Peekel, Gerhard. 1909. *Grammatik der Neu-mecklenburgischen Sprache, speziell der Pala-Sprache*. Archiv für das Studium deutscher Kolonialsprachen, Band 9. Berlin: Dietrich Reimer.

- Perlmutter, David M. 1978. Impersonal passives and the Unaccusative Hypothesis. *Proceedings of the 4th Annual Meeting of the Berkeley Linguistics Society*. Berkeley: University of California, 157–189.
- Sveen, Andreas. 1993. Transitivitet og objekt i norsk grammatikk. *Maal og minne*, 87–108.
- Szymańska, Oliwia. 2014. Hvorfor sitter vi på en sofa? Det vanskelige ved riktig tilegnelse av *i* og *på* hos polske norskinnlærere. *NOA norsk som andrespråk*, 30 (2), 86–105.
- Vergnaud, Jean-Roger og Maria Luisa Zubizarreta. 1992. The definite determiner and the inalienable construction in French and English. *Linguistic Inquiry*, 23, 595–652.
- Western, August. 1921. *Norsk riksmåls-grammatikk*. Kristiania: Aschehoug.
- Aa, Leiv Inge. 2013. Er ordbøker lingvistiske nok? Om preposisjonssemantikk og ein grammatisk basis for ordbøksartiklar. *Lexico-Nordica*, 20, 145–163.
- Åfarli, Tor Anders. 1992. *The Syntax of Norwegian Passive Constructions*. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins.
- . 2005. Bestemmer verbets semantikk verbets argumentstruktur? I: *MONS 10: utvalde artiklar frå det tiande Møte om norsk språk i Kristiansand 2003*, red. Svein Lie, Gudlaug Nedreid og Helge Omdal, 317–329. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- . 2007. Do verbs have argument structure? I: *Argument structure*, red. Eric J. Reuland, Tanmoy Bhattacharya og Giorgos Spathas, 1–16. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins.
- . Ms. Exoskeletal frame analysis: How to handle three unhandy linguistic Phenomena. NTNU.
- Åfarli, Tor Anders og Kristin Melum Eide. 2003. *Norsk generativ syntaks*. Oslo: Novus.

Abstract in English

Norwegian possessor objects, such as *han* ‘he’ in *ho trakka han på foten* ‘she stepped him on the foot’, i.e., ‘she stepped on his foot’ are interesting for two reasons: they can supplement a verb’s conventional argument structure (*trakke* ‘step’ is otherwise an intransitive verb) and they are interpreted as the external possessor of an inalienably possessed noun (here

RAGNHILD EIK

foot ‘foot’). In a previous analysis, Lødrup (2009 b, 2019) analyses Norwegian possessor objects as direct objects and proposes to treat inalienable nouns as a class of nouns equipped with possessive theta-roles. This paper presents an alternative analysis, couched in a non-lexicalist, exoskeletal framework. Norwegian possessor objects are analysed as indirect objects and both verbs and nouns are treated as radically underspecified without any theta-role information. Thus, the paper aims to demonstrate how a non-lexicalist, exoskeletal analysis provides new perspectives on the topics of external possession and inalienable possession.

Ragnhild Eik
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU)
Institutt for språk og litteratur
NO-7491 Trondheim
ragnhild.eik@ntnu.no